



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5918 FREKHAUG

Dato: 28.06.2019  
Vår ref.: 2018/9625-18  
Saksbehandlar: larklem  
Dykkar ref.: 18/453 – 19/12014

## Fråsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard, endring - Høyring og offentleg ettersyn - Meland kommune

Vi viser til brev datert 28.05.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Meland kyrkjegard. Hovudføremålet i planen er leggje til rette for utviding av gravplassen ved Meland kyrkje. Dette vil også omfatte omlegging av Bjørnestadvegen. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 19.03.2018.

### Vurdering

#### Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Detaljreguleringa er ei delvis endring og utviing av eksisterande plan for Meland kyrkjegard, vedteke 05.02. 1992. Reguleringsendringa legg opp til ei utviding av eksisterande gravplass mot sør, etablering av ny tilkomstveg og parkeringsplass til øvre nivå av gravplassen, og omlegging av Bjørnestadvegen utanom kyrketunet.

#### Riksantikvarens innspel:

«Vi viser til epost av 17.6.2019 frå Hordaland fylkeskommune med oversending av offentleg ettersyn av reguleringsplan for utviding av Meland gravplass, Meland kommune.

*Vi viser vidare til vårt brev datert 17.4.2018 til Hordaland fylkeskommune med innspel til melding om oppstart av planarbeidet.*

*Innspelet frå Riksantikvaren gjeld det forvaltingsområdet der direktoratet har ansvar som fagmyndigkeit, her Meland gamle kyrkestad, Askeladden id nr. 156372.  
Mellomalderkyrkjestaden automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4 a .*

*Riksantikvaren vurderer det slik at tiltak som følgje av reguleringsplanen ikkje vil medføre fare for utilbørleg skjemming av mellomalderkyrkjestaden, jf. kulturminnelova § 3.»*

### Automatisk freda kulturminne

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet. I samband med varsel om oppstart av planarbeidet varsla Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering. Registreringa vart gjennomført frå 29. oktober til 01. november 2018 og det blei ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne.

I vår fråsegn datert 11.05.18 bad vi om at planområdet blei utvida slik at også Meland gamle kyrkjested og areal som i gjeldande reguleringsplan er vist som ny veg og parkeringsplass blir omfatta. Dette for betre å ivareta kyrkjegarden som er av nasjonal interesse. Plankonsulentens kommentar til vårt ønske om utvida planområde er: «Plangrensa er ikkje utvida i sørvest då det ikkje er aktuelt å regulere ny veg og parkeringsplass vist i gjeldande plan frå 1992».

Fylkeskonservatoren meiner det er uheldig at planområdet ikkje blir utvida, då ein i ny plan legg opp til ei vidareføring av Bjørnstadveien slik den er regulert i planen frå 1992. Planen frå 1992 er ein eldre plan og tar ikkje tilstrekkelig omsyn til kulturmiljøet av høg regional verdi og nasjonal interesse i område. I tillegg er ikkje kulturminnelovas krav om undersøking, jf. § 9 oppfylt. Årsaka til dette er at den arkeologiske metoden for undersøking på dette tidspunktet ikkje var tilstrekkeleg utvikla og utarbeida.

Ein rullering av heile planen frå 1992, er etter vårt syn nødvendig for betre å ivareta kulturmiljøet i området.

### Nyare tids kulturminne

Meland gravplass ligg i dag som eit heilskapleg kulturminnemiljø med stor tidsdjupne, som spenner frå mellomalderkyrkjegarden sørvest for plangrensa til Meland kyrkje og dei historiske omgjevnadane rundt den. Det er innafor reguleringsplanen lagt inn to omsynssoner bevaring av kulturmiljø, ein av desse er omsynssone H570\_1 som gjeld den listeførte kyrkja (Askeladden-ID 84933) med tilhøyrande gravplass. Den andre omsynssona, H570\_2, er det gamle kommunehuset (noverande kyrkjestove) og ei gòt (gangveg med mur på begge sider) som går ned mot kyrkja. Det samla kulturmiljøet har gjennomgåande murstrukturar som set eit viktig preg på landskapet.

Kva gjeld dei samla nye tiltaka innafor planområdet, har Hordaland fylkeskommunen avgjerande merknader til omlegging av Bjørnestadvegen, då denne vil komme i konflikt både med kyrkja og den gamle gravplassen (omsynssone H570\_1) og det samla kulturmiljøet.

Når det gjeld dei andre tiltaka, har Hordaland fylkeskommune ingen merknad til at gravplassen blir utvida mot sør. Vi har heller ingen merknader til at ein i reguleringsplanen forbetrar parkeringssituasjonen på øvre nivå av gravplassen, og finn det positivt at ein ønskjer å rydde litt i utforminga av parkerings- og gangarealet der. For området omtala som kyrketunet, aust for kyrkja, har det vore trøng for å betre tilhøva både for køyrande og gåande. Her er det gjort fleire gode grep for å forbetra situasjonen med avkjørsle opp til den øvre gravplassen. Etter vårt syn ligg tilhøva likevel godt til rette for at ein med nokre enkle grep kan forbetra situasjonen ytterlegare, slik at ein reduserer konflikten mellom køyrande og gåande. Då vil ein også kunne behalde dagens køyreturasé for Bjørnestadvegen.

Bjørnestadvegen er ein blindveg som fører til bruk 1, 2 og 9, og med vidare tilkomst (øg som blindveg) til bruk 3 og 12. I reguleringsplanen legg ein opp til ei omlegging av vegen, med ny trasé langs heile nordsida av den gamle gravplassen. Fylkeskommunen finn at denne omlegginga av Bjørnestadvegen i særstak grad vil redusere opplevingsverdiane til kulturminnet og kulturmiljøet, og vil vere i konflikt med kulturminneinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad.

I reguleringsplanen leggast det opp til at det frå den nye vegen skal lagast ein innkjørsel gjennom kyrkjegardsmuren, for drift av gravplassen. Fylkeskommunen finn at denne tilkomsten til drift av gravplassen ikkje er naudsynt dersom ein fjerner eller flyttar den garasjen som ligg i nordaust-enden av gravplassen.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngjevinga er omsynet til kulturminne av vesentleg regional og nasjonal verdi. Plankartet slik det føreligg tek ikkje vare på omsynet til kulturminne i tilstrekkeleg grad og bør endrast i tråd med våre merknader.

Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

1. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd.
2. Utsett frist til 17.09.2019 (Sjå Rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4).

Eva Katrine R. Taule  
konst. plansjef

Lars Petter Klem  
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, seksjon for plan , REGIONALAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSNAVDELINGA

Helene Moe, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSNAVDELINGA

Gunnbjørg Austrheim, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSNAVDELINGA

David J. Aasen Sandved, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSNAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSNAVDELINGA

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Vestland